

Grinde den 30/6 2015

NVE

Konsesjonsavdelinga

Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

Høyringsfråsegn: Vassdragspakka Luster.

Mordøla kraftverk v/ Mordøla Kraft AS (SUS)

Registreringsnummer: 5665
Saksnummer: 200900318

Kinsedal kraftverk v/ Blåfall AS

Registreringsnummer: 6756
Saksnummer: 201205014

Vi syner til NVE sitt høyringsbrev frå 27.03.2015 og til konsesjonssøknaden med vedlegg som vi har fått tilsendt i papirformat frå Bård Moberg. For Kinsedal kraftverk sendte Odd-Arvid Rønning oss søknaden i papirformat, Takker begge for det. Fråsegna er mellom anna basert på søknaden, samtaler med lokalkjende og eigen kunnskap om, og bruk av området.

Om Sogn og Fjordane Turlag:

Sogn og Fjordane Turlag (sjå www.turistforeningen.no/sognogfjordane) er eitt av Den Norske Turistforening sine 57 medlemslag, og fylkeslag for 15 lokale lag spreidd over heile fylket. Medlemstal ved siste årsskifte: 6.081. Omsøkte kraftverk ligg i Luster kommune. Luster Turlag er Sogn og Fjordane Turlag sin medlemsorganisasjon i områda. <http://www.turistforeningen.no/luster/>.

Om friluftsliv i området:

Området Kinsedalen og Mordøla har ikkje noko T-rutenett som turlaget har ansvar for. Toppene kring Kinsedalen er med i topptrimmen til Luster turlag. Noko konflikt kan oppstå i samband med turaktivitet. Det finnst rein i dette området og turlaget vil ikkje utfordre dette ved å legge til rette for auka ferdsel. For turgåing lokalt er ikkje dette område blant det mest aktuelle, grunna beliggenheit. Her er også ein del snø utover sommeren.

Kommentarer til utbyggingsplanene:

Mordøla:

frå hovuddata for Mordøla kraftverk

Slukeevne: 1,62 kbm/s Middelvassføring er 668 l/s forhold 242 %

Minstevassføring: Hovuddata syner ikkje noko om minstevassføring, men punkt 2.4 har utgreia ulempene og fordelene ved ulike minstevassføringar.

Her er framlegget om 150 l/s om sommeren eit av alternativa, eit anna alternativ er 20 l/s om vinteren og i tillegg 110 l/s om sommeren.

5 percentil sommer er 165 l/s og 5 percentil vinter en 24 l/s

I konsesjonssøknaden er det uklårt kva alternativ ein søker om. Begge alternativa er mindre enn 5 percentilen.

Kinsedalen:

frå hovuddata for Kinsedalen kraftverk

Slukeevne 4,2 kbm/s Middelvassføring er 1,44 kbm/s forhold 292%

Minstevassføring sommer av heile restfeltet like oppstraums kraftstasjonen 120 l/s

Minstevassføring vinter av heile restfeltet 60 l/s like oppstraums kraftstasjonen.

5 percentil sommer er 220 l/s og 5 percentil vinter er 44 l/s

Slukeevne som her er informert om er ikkje i samsvar med informasjon seinare i konsesjonssøknaden og ein vonar at rett slukeevne er den som er informert om på sida 22 i kapittelet om hydrologi og tal dagar med vassføring > maksimal slukeevne. Her er det ein feilkilde - og som me vurderer dette - og det kan vere **misvisande tal i tabellen**, fordi det her er usikkerheit om den omsøkte virkelege slukeevnen. *Ein ber om ei avklaring her.* Dersom det er ei reel slukeevne på 292% er dette ekstremt mykje og så stor slukeevne vil temme elva meir enn Turlaget vil kunne godta. Er tala i tabellen nederst på sida 22 tufta på slukeevne oppgjevne ovenfor tabellen på 3,0 kbm/s må det vere noko som er feil her...

Teknisk plan for dei søkte alternativa:

Turlaget har ikkje hatt høve å bruke tid på å synfare inntaks-, kraftstasjon-, og deponiområde og vil ikkje ta stilling til plasseringa av inngrepa på noverande tidspunkt. Ein reknar med å ha høve til innspel under synfaringa med NVE ved eit seinare høve.

Forholdet til offentlege planer og nasjonale føringar:

Til punkt 2.6 kommunedelplan for små kraftverk i Luster:

I småkraftplanen for Luster kommune er det *ikkje nemnt noko spesielt om biologisk mangfald* i tilknytning til **Mordøla**, men andre kilder informerer om viktige element. Sjå: faktaark:

<http://faktaark.naturbase.no/naturtype?id=BN00092694> og
<http://faktaark.naturbase.no/naturtype?id=BN00092710>

Her er ulike oppfatninger av det biologiske mangfald tilknytta Mordøla. Turlaget ber NVE å vere merksam på dette og legge vekt på sine egne vurderingar her. Sjølv om fossesprøytsone og fosse enga er spart vil ein minstevassføring naturlegvis medføre endringar i vegetasjonen og dermed levekår for fauna i og ved det vidare elveleie. Her må det vurderast kva skade ein av dei alternative minstevassføringframlegg vil føre til i eit område som faktaarka nemnt ovenfor vurderer som viktig.

3.4 Biologisk mangfald og verneinteresser.

Område ved Mordøla er i fylkesatlas Sogn og Fjordane registrert som viktig naturområde (EDNA)

Område ved Kinsedalen aust for Botnen, kring elva, er i fylkesatlas Sogn og Fjordane registrert som viktig naturvernområde (EDNA)

Samandrag av Turlaget sitt syn på søknadane:

I Luster er interessen for vasskraftutbygging stor. Her er bygd ut mykje tidligare og i tider der vilkår for å få bygge var -så å seie- fråverande. Luster kommune er ein kommune som har «eigarpart» i Jotunheimen og her er flotte fjell med mange turalternativ. Turløypene er flittig brukt.

Av dei to søknadane ein her har vurdert er Kinsedalen den som truleg er mindre kontroversiell, spesielt i forhold til naturverdiane, men her og er tapet av eit økosystem tydeleg. Slukeevne er 3 eller 4,2 kbm/s -dette er uklart- og elva vil bli rennende som ein liten bekk, temmeleg jamnt over heile sommeren, dynamikken i forhold til nedbør vil avta kraftig. Vegetasjonen og dyreliv som er i balanse med vannmengd som den idag er, vil verte utarma.

Mordølafossen er eit element i naturen som er viktig for flora og fauna. Søknaden tek vare på fossen og inntaket ligg litt nedenfor selve fossen. Det estetiske og fossesprøytsone er dermed teke vare på. Elveleia vidare mot fjorden vil føre mindre vatn og viktige naturområde er utsatt for endringar. Kostnadane ved Mordøla utbygging er store i forhold til dei kWh ein kan produsere. Og inngrepa i regionen er allereide mange, ein forventer at samfunnsnyttan her er større om ein ikkje byggjar ut.

Ein har lagt ved bilete tatt den 23 juni 2015 av Mordøla på neste sida.

Indre Nordfjord Turlag Midtre Nordfjord Turlag Ytre Nordfjord Turlag Keipen Turlag
Flora Turlag Indre Sunnfjord Turlag Luster Turlag Sogndal Turlag Lærdal Turlag
Vik Turlag Årdal Turlag Balestrand og Høyanger Turlag Ytre Sogn Turlag
Aurland Turlag Barnas Turlag Hyllestad

Sogn og Fjordane Turlag



Postadresse: Pb. 10, 6801 Førde
E-post: sogturla@online.no
Organisasjonsnr. 971 529 474

Besøksadresse: Langebruvegen 9, Førde
Heimeside: www.turistforeningen.no/sognogfjordane
Bankkonto: 3705 03 32455

Tlf. 57 72 06 14

Kva tid misser me interessen for naturen? Som barn er vi undrande og utforsker den. Snur på steiner i fjæra og studerer innsekt. Stor glede å fange liten fisk! Ein dag forsvinn vår interesse og vår undring. Pengeverdien av rennende vatn blir viktigare enn opplevingsverdien. Ålmenta som fram til no har opplevd foss og liv som ein allemannsrett, må godta at ein grunneigar –ein i ei lang rekke som i året 2015 etter Kristi fødsel forvalter litt ”eigedom” på jord- kutter elva og endrar økosystemet i eit elveløp. Pengeverdien av elva vann over eit etablert økosystem, eit økosystem me utan tvil kjenner veldig lite til. Tilpassa som den er ... elva, daglengd,, temperatur og eksposisjon. Der ein opplever som menneske å tenkje andre tanker idet vatnet buldrar forbi og den fuktige eimen av frisk naturkraft trekkjast inn i lungene og sjelen. Ein ressurs som sett merke for den som er der i øyeblikket. Der står du! Tenk!

Ein urbaniseert verden vil etterkvart lengte etter urørt natur. Naturpark vert etablert verden over og ein gjer forsøk på å reetablere dei kjente element frå til dømes tidligare eksisterande pattedyr, bison i Amerika, eller fjellrev i Norge. Tida er inne å tenkje føre var for å unngå situasjoner der re etablering vert naudsynt. Der det gjeld Luster skulle prinsippet om å vurdere alle tekniske inngrep i ein region under eitt og føre var prinsippet tilseie at nokre elveløp kan verte spart for utbyggjing når så mykje alt er bygget ut frå før i regionen.

Mordøla kostar kr 4,90 p utbygd KWh og er allereide uaktuelt med tanke på økonomiske vurderingar idag og ein konsesjon vil truleg flytte grenser for kva ” utifrå samfunnsnyttig vurdering” kan balanserast.... Men ord og definisjoner kan tolkast nokså romlege.

Kinsedalen har ein annen pris pr KWh og vil vere nærare ein realitet.

For turlaget vil omsyn til urørt natur alltid vere viktig ved vurderingar i tilknytning til konsesjonssøknader. Det er ikkje alltid at turaktiviteten nett no i 2015 r avgjerande. Endringar i bruk av turløyper eit området kan variere over tid..

Det er difor naturleg at turaktiviteten i eit område met mykje utbygde vannressursar går ned, medan den aukar i område der desse verdiane endå finnst.

Dette vil nok ”ikkje vere noko bombe” for NVE og dette er i tråd med turlagets strategiplan.

Turfolk set urørt natur høgt! Me ynskjer som frivillig organisasjon med stor medlemsskare å bidra til at det vert mest mogleg flott turterreng igjen. I mange høve opplever me å miste ein ”allemannsrett” når element som –vatn- eller flora/fauna vert endra vesentleg.

I skogbruket er det utarbeid veiledere for å kunne sikre miljøverdiar og for å kunne sertifisere tømmer som skal til industrien. Dette sikrer at viktige biotop vert tekne vare på. Ein viktig regel i denne veilederen er ”å ta vare på vegetasjonen langs vassdrag” . I alle saker me skriv fråsegn er det ” i sakens natur” at vassdrag vert redusert og at vegetasjonen langs ved vassdraget vert drastisk endra. I energisamanheng er dette ok. Sertifisering blir i tillegg det motsatte av det som veilederen i skogbruket strever etter, nemmeleg at me no har å gjere med fornybar energi! Her er det ikkje enkelt å vere den som skal ta avgjerd i forhold til samfunnsnyttan.... NVE som objektiv myndigheit må vere bevisst sitt ansvar. I Luster er nok vasskraft allereide bygt ut og her må nok summen av

inngrep i regionen vere åpenbar og utfordre NVE?

Ron Overdevest sign.

For Sogn og Fjordane Turlag,

Ron Overdevest, leiar i naturvernutvalet,

telefon 97674654

Høyringsfråsegn til konsesjonssøknad for Åselvi kraftverk i Åselvi, Vassbakken i Fortun i Luster kommune, Sogn og Fjordane -

Registreringsnummer: 6491

Saksnummer: 201106573

Vi viser til høyringsbrevet dykkar av 27.03.2015 og til sakspapira som vi har fått tilsendt. Fråsegna vår er, i tillegg til søknaden, basert på samtaler med lokalkjende/fagpersonar, eigen kunnskap om - og turar, i området, Kommunedelplan for små kraftverk i Luster, Regional plan med tema vasskraft SFFK og informasjon frå Internett.

Om Sogn og Fjordane Turlag:

Sogn og Fjordane Turlag (sjå www.turistforeningen.no/sognogfjordane) er eitt av Den Norske Turistforening sine 57 medlemslag, og fylkeslag for 16 lokale lag spreidd over heile fylket. Siste medlemstal: 6.081. Åselvi kraftverk ligg i Luster Turlag sitt arbeidsområde, sjå: <http://luster.turistforeningen.no/>.

Friluftsliv i området:

Åselvi ligg litt sør for høgdegarden Furåsen. Vegen til Furåsen tek av ved Veteåsen, stølen langs vegen opp til den restaurerte høgdegarden Fuglesteg, ein DNT-hytte eigd og dreve av Luster turlag. Fuglesteg er ein svært godt besøkt hytte. Statistikken viser for 2013/2014 ca 400 overnattingar og vel 5000 dagsbesøk i Fuglesteg per sesong!, http://luster.turistforeningen.no/cabin.php?fo_id=4344&ca_id=1384 / <http://luster.turistforeningen.no/>.

Det er mange som i samband med turen til, under opphaldet ved eller frå Fuglesteg tek seg andre turar i området, t.d ein tur innom Fureåsen, rundt garden, bortom den gamle saga ved elva og opp til stølen Hovden, der stien i all hovudsak går opp langsmed Åselvi. Kor mange som tek denne turen uorganisert er vanskeleg å seie. Grunna topografien i området er det ikkje så mange turval ut frå Fuglesteg som base. Anten kan ein gå vidare opp Berdalen direkte frå Fuglesteg mot Tindevegen og Turtagrø (buss derifrå nedatt til Fortun) eller ein kan gå turen over til Furåsen, utforske garden,

kulturlandskapet, elva, og følgje stien oppover langs elva til stølen Hovden. Stien her er god, og lett å følgje. Det er sannsynleg at opp mot fleire hundre tek turen hit kvart år. Det er såleis eit attraktivt og viktig supplement til turaktivitet for dei som besøker og overnatter på Fuglesteg. Eit stort fråfall av vatn i elva vil redusere opplevingskvalitetane i området sterkt, samt autensiteten ved den gamle saga ved elva. For Luster turlag vil såleis ei utbygging her bety tap av vesentlege gjenverande naturkvaliteter i nærområdet til Fuglesteg og deira virkeområde. Berdalselvi har redusert vassføring, vegen opp til Fuglesteg ber sterkt preg av kraftutbygginga i Fortun med store master og liner som krysser dalføret langs turvegen. Når det gjeld organiserte turar har det i samband med Topptrimmen til Luster turlag vore arrangert tur opp langs Åselvi, og det same med turar på andre sida av dalføret, der Tussen har vore topptrimmål (siste gong; Luster turlag topptrimtopp 2014-2016) <https://www.facebook.com/pages/Topptrimmen-2014-2016/309076772605012> .

Vassdraget og fossen er også godt synleg frå den sida, frå Bolstadnipa til Tussen.

Turbotrim og turtrimposter: Barnas turlag sin trim- og toppturpost-serie har ein postkasse på Fuglesteg, i lag med IL Fanaråk, IL Skjolden og IL Luster. Det er også felles turtrimpostkasse på Vetleåsen, i vegskille Fuglesteg og Furåsen. På Furåsen har IL Fanaråk trimpostkasse sør for tunet .

Besøkstal:

Åselvi er eit landemerke for alle som ferdes inn og ut av Fortunsdalen i fbm friluftsliv i Breheimen eller Jotunheimen, langs Nasjonal turistveg Sognefjellet. Nasjonal turistveg Sognefjellet har nyleg investert omlag 1 million kroner i ny parkeringsplass ved Åsafossen ved Vassbakken Kro- & Camping. Nettopp forbi så mange stopper ved den flotte fossen for å ta bilete og nyte synet, lyden og opplevelsen den gir. Om ein samaliknar landskapsrommet i Skjolden med Interiøret i Dale kyrkje i Luster, vert Åsafossen som sjølvaste albertavla til samanlikning.

Åsafossen/Vassbakkfossen:

Fossen er godt synleg frå Skjolden og frå fjorden, altså for padlarar, cruiseturister, badegjester og dei som spaserer rundt i Skjolden og frå Skjolden, frå Fv 55 sørfrå, langs turvegen ved Eidsvatnet frå Skjolden mot Fortun, frå filosofen Wittgenstein si tomt, m.m. Den er og har vore eit landemerke. Den er også omtalt på nettsida World of Waterfalls som Vassbakken waterfall: <http://www.world-of-waterfalls.com/norway-vassbakkfossen.html>

Kor mange som opplever fossen kvart år, vert summen av ferdselstal for Nasjonal turistveg Sognefjellet, cruise- og bussturister i Skjolden, dagsbesøk og overnattingsgjester på Vassbakken Kro og camping, fotturister i området og ikkje minst lokalbefolkninga.

Frå Wikipedia: «Før [regionsreformen](#) trådte i kraft 1. januar 2010 var veien del av [riksvei 55](#). I gjennomsnitt 600 kjøretøy passerer Sognefjellet daglig i månedene mai-september, i juli er trafikken oppe i 1 100 i døgnet (tall for årene 2002-2011).^[1] Sognefjellet er vinterstengt og åpner normalt i månedsskiftet april/mai (i 2010 1. mai)»

Ikkje all trafikk passerer Sognefjellet, slik at tala truleg vert høgre i influensområdet. Cruiseturisten oppheld seg lokalt i området eller er ofte med på ein busstur tur/retur Turtagrø.

Cruiseturistene kommer for å oppleve fjordene og naturen «*På spørsmålet om hvilke severdigheter og attraksjoner som ga det sterkeste inntrykk på hele turen kommer fjordene, Geiranger og naturen generelt inn på en suveren førsteplass, med til sammen 46.2 % av svarene*» Frå Gjesteundersøkelse for cruiseturisme Desember 2010

http://www.regionstavanger.com/Stavanger/gjesteunders_cruise_februar2011.pdf

Dette er svaret er truleg allment for turister av alle slag som ferdes i området, inkl lokale fotturister.

Vassbakken Kro & Camping er nærmaste turistbedrift, der fossen har gitt namnet og var direkte årsak til at det vart etablering der. Grunna alle turistane som stogga ved fossen vart det etablert kiosk og camping. Fossen er framleis ein vesentleg attraksjon for staden.

<http://www.vassbakken.com/> og <https://www.google.no/maps/uv?hl=en&pb=!1s0x4615958049e20939:0x6f83f48f0c4ba611!2m5!2m2!1i80!2i80!3m1!2i100!3m1!7e1!4shttp://www.panoramio.com/photo/61886778!5svassbakken+kro+og+camping+-+Google+Search&sa=X&ei=culdVddtxefJA7X7gNgJ&ved=0CJcBEKIqMAs>

Gjestene set stor pris på fossen, dei sitt ute om sommarkveldane for å ta til seg alle inntrykkene, ein familie fortalde nyss at det var så lett å få ungane til å sovne der for lyden av vatnet i fossen virka så beroligande på dei! I alle tider har menneska søkt mot og vert tiltrekte av rennande vatn og eld. Begge delar livgjevande. For Vassbakken Kro- & Camping vil ei evt utbygging av Åselvi vere ein katastrofe! (pers.med. eigar Kristin Hauge).

Kommunedelplan for små kraftverk i Luster omtalar ikkje Åselvi som eit aktuelt prosjekt for gjeldande område. Planen vart utarbeid i samarbeid med NVE og Aurland naturverkstad. Åselvi er derimot nemnt i samband med Berdalselvi inkl. Kveåi og Åselvi, men vert der vurdert som så lite aktuell at alternativet er utelate frå planen!

Nett-tilknytning:

Når det gjeld nettilknytning finn vi: «Dersom prosjektet ligg nær nok trafoen i Skagen, kan det vere eit alternativ å bygge eigen produksjonslinje (mest aktuelt for ein utbygging av Bergselvi). Dersom ein skal inn på den eksisterande linja mellom Skjolden og Fortun vert det problematisk. Med utbygginga av Kvåle i Luster og overføring av via ny linje mellom Luster og Skjolden (22kV feral50 linje), vert kapasiteten på linja sprengd. Ei kvar større utbygging som skal overføre meir straum til Fortun via denne linja, vil løyse ut behov for utbetring av denne linja. Det gjeld fleire potensielle utbyggingar på nordsida og sørsida Lustrafjorden og kostnadane kan verte relativt store.

Linja opp til Sognefjellet er ei 22kV Feral50 utanom mellom Søvde og Turtagrø (Feral16) og er eigd og driven av Hydro Energi. Denne linja har kapasitet til dei skisserte utbyggingane.

Hovudproblemet med utbyggingane i dette delområdet er trafoen i Skagen. Den er på 10 MVA og med Fivlemyrane kraftstasjon og den planlagde overføringa av kraft frå Kvåle, vil det ikkje vere plass til alle dei skisserte prosjekta i delområdet. Dette vil verte ein betydeleg kostnad.»

På folkemøtet i Skjolden 12.05.15 vart dette stadfesta, i tillegg til at ei løysing vestover eventuelt må vente til 420 kV-lina Ørskog-Fardal er ferdig. kapasiteten ut frå Luster til Fardal er visst også sprengd, slik vi forstod det. Luster Energi ville bidra til utbygging/forsterking av denne?

Nye linjer og linje-oppgraderingar som kjem som følgje av nye konsesjonar og utbyggingar må takast med i vurderinga av samla verknad av tiltaket samt sumverknadar for ulike tema.

Landskap og sumverknadar av kraftutbygging:

Åselvi og Fortunsdalen

Lustrafjorden og fjordlandskapet med synlege fossefall inkluderer Åselvi som er synleg frå fjorden i Skjolden, i lag med Mordølefossen og Feigumfossen. Det finst synlege elvestrenger lenger ute i fjorden inkl Engjadøla i Gaupne, men det er vel desse tre som gjev inntrykk av eit fosselandskap knytt til fjordlandskapet.

Fortunsdalen er allereie sterkt påverka av Fortunsanlegget, eigd og drive av Hydro Energi, med fleire store og parallelle linjer som kryssar dalføret like nordom Åselvi opp i Berdalen og like nordom opp i Bergsdalen, på begge sider av dalføret oppover. Hovudelva og fleire elver er allereie sterkt utbygd med låg vassføring og inngrep i landskapet.

Bergselvi opp frå Fortun mot Sognefjellet har enno restvassføring, men også denne er gjeve konsesjon for enno hardare utnytting og mindre vassføring for framtida.

På vegen frå fjorden og opp til Sognefjellet vert såleis Åselvi og vassbakkfossen eit vesentleg og sær viktig fosselement. Berre Farningsfossen renn i fritt fall langs same strekket, men med mykje mindre styrke enn Åselvi.

Biologisk mangfald: Elva nedstraums kraftstasjonen har fin gytegrus og er av lokalkjende i Luster JFF (Olav Hermansen pers. med.) sagt å vere eit godt gyte og oppvekstområde for sjøaure. Fortunselva er hardt utbygd med store negative konsekvenser for både laks- og sjøaurebestand. Sumverknader ved nye tap av gode biotopområde bør såleis vege tyngre enn for ei frisk og naturleg elv. Omløpsventil må difor krevjast som avbøtande tiltak om tiltaket får konsesjon.

Fortunsdalen med sin store variasjon i geologi og klima gjev rom for stor artsrikdom og mange ulike naturtyper. Mykje natur knytt til vassdrag er gått tapt eller er allereie sterkt redusert. Alt tap er truleg ikkje godt nok dokumentert. Dette er eit viktig argument for å ivareta den gjenverande vassdragsnaturen i Fortun. For vidare argument knytt til naturrikdommen langs vassdraget, artar, naturtyper og biotoper viser vi til fråsegna frå Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane. Vi støtter denne fullt ut!

Bilete av Åselvi på neste sida.



Konklusjon: For friluftslivet lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt, samt for turisme og næringsliv er Åselvi særskilt viktig! Landskapselementet og opplevinga av Åselvi er særskilt viktig for både allmenne interesser, turismen og næringslivet. (Då småkraftpakken var oppe til politisk behandling i kommunestyret og Åselvi vart nemnt gjekk det eit gisp igjennom forsamlinga! Det seier ikkje lite i ein kraftkommune som Luster.) Nedre del av elva er eit godt gyte- og oppvekstområde for fisk. Biologisk mangfald er høgt, med rike og varierte naturtyper langs elva og og trugsmåla mot slik natur vert stadig auka. Vi går difor så strekt vi kan imot å gje konsesjon til denne utbygginga!

Høringsfråsegn til søknad om Rydøla kraftverk i Rydøla, Jostedalen i Luster kommune

Registreringsnummer: 6294

Saksnummer: 201101110

Om Sogn og Fjordane Turlag:

Sogn og Fjordane Turlag (sjå www.turistforeningen.no/sognogfjordane) er eitt av Den Norske Turistforening sine 57 medlemslag, og fylkeslag for 16 lokale lag spreidd over heile fylket. Siste medlemstal: 6.081. Rydøla kraftverk ligg i Luster Turlag sitt arbeidsområde, sjå: <http://luster.turistforeningen.no/>.

Friluftsliv i området

Området frå Brunen under vestsida av Vorfjellet er eit viktig og mykje brukt turområde, både for folk lokalt i Gaupne og for folk elles i Luster kommune. Spesielt etter at fleire stiar inn og rundt i området vert merkte har bruken av området auka mykje. Kvalitetane her er store og varierte, området er rikt på kulturminner med velhaldne ulike stolar, murar, stølsvegar og stiar. Naturen er rik og variert med uvanleg store og vide rikmyrer, dyrespor og -liv i øvre skogsområde tilseier det same. Her er eit lunare og vidare preg enn det ein ofte finn elles i indre Sogn. Tilgjenge er godt og brukargruppene difor mangfaldige.

Det vart gjeve løyve til ein større opparbeida veg inn i området. Denne bryter med det harmoniske landskapinntrykket og opplevast difor særskilt negativt av svært mange brukarar i området. Ein forlenging og utviding av vegen inn i fjellområdet heilt til Rydalen meiner vi er sterkt uheldig og vil redusere kvaliteten området har for friluftsliv mykje! I samanstillinga og verdivurderinga for alle tema i KU vert denne vegen sett på som eit positivt og samfunnsnyttig tiltak som veg positivt opp for samla konsekvens. Dette er vi sterkt ueinige i, grunna ovannemnde argument.

Rydalsfossen er eit høgdepunkt for alle folk som ferdast inn og ut vegen i Jostedalen, og ikkje minst for tilreisande! Kvar dag stoggar fleire turistbussar og andre for å beundre fossen! Og for lokale er den eit kjærte landemerke til dagen.

Fosseklattring vart tema på folkemøtet i Skjolden, der utbyggar virka svært imøtekommande i høve å sikra gode tilhøve for dette. Fossen er ein populær og mykje nytta foss for isklattring. Om denne bruken går utover å vere nasjonal vet vi ikkje. Velviljen frå utbyggar under folkemøtet harmonerer dårleg med opplysningar i KU om at istilhøva kan verte betre, «men det kan vera fare for at klatrarar kan bli «vaska» bort ved eit eventuelt stogg i stasjonen. Dette kan føre til at klatring medan kraftverket er i drift truleg ikkje kan tillatast.» Ein av dei betre, lett tilgjengeleg og særskild populær lokalitet for fosseklattring vil då gå bortimot tapt ved ein utbygging. Ved lengre, vedvarande gode isforhold for klatring vil kraftverket evt stengast for å avbøte trygge forhold for klatringa.

På austsida av elva langs den gamle vegen er det høg lokal bruk knytt til friluftsliv/trening som gåing, løping og sykling. Nokre nyttar og ein bratt sti opp lia. For ferdselen her er også landskapsopplevelsen av elva Rya og Rydalsfossen eit viktig element.

Friluftsliv og turisme

Jostedalen er ei viktig bygd for turisme i Luster kommune. Dei største aktivitetane, inntektene og arbeidsplassane er knytt til sommarhalvåret. Om vinteren er skiturisme ein aktivitet ein prøver å utvikla i næringssamanheng. Isklattringa i Rydøla og i indre Sogn er ein supplerande aktivitet og såleis viktig i ein større heilskap for å utvikle aktivitetsbreidda i vintersesongen, sjå:

<http://www.sognefjord.no/no/Produkt/?TLp=247770>

Kommunedelplan for små kraftverk har i sin oppsummering sett Rydøla i gul sone. Vår merknad er at den er mangelfull av di den har utelete naturverdier og tap av desse. Det er stor naturrikdom og nasjonal ansvarsnatur knytt til Rydøla som ikkje har vorte fanga opp i denne planen.

Konsekvensen er sett til middels negativ i KU, der betra adkomst til Rydalsstølen ved ein ny veg i fjellterreng, vert sett på som ein positiv konsekvens. Vår merknad; den positive verknaden er her svært avgrensa til grunneigarinteresser og nokre få. Konsekvensen for allmenne friluftslivsinteresser av eit veginngrep i området er mest middels negativ. Vegen delvis kryssar og erstattar fin gamal stølsveg og sti og opplevast difor av svært mange som eit negativt inngrep.

For isklattrarar, turgåarar i fjellet i terrenget aust og sør for Rydalen, fastbuande og turistar under fossen vert konsekvensen difor middels til stor negativ.

Midlertidige stans av kraftverket kan avbøte for tap av isklattring står skreive i KU. Viser til same KU og dokumentasjon om dagleg klatring i fossen når istilhøva tilseier det. I lange kuldeperiodar vil difor kraftverket måtte halde ofte stans for å avbøte tiltaket. Er det realistisk at så vil skje?

Landskap

Jostedalen er sterkt prega av den store Jostedalsutbygginga og alle vasstrengene på austsida av dalføret med unntak av Ryfossen har redusert vassføring. Vigdøla nord for Rydøla kan få si reduserte vassføring ytterlegare redusert ved eit nytt elvekraftverk i vassdraget. På vestsida renn nokre elvar framleis fritt, men her er ingen fossefall slik som Rydøla, der er kvite vassstrenger, men

ikkje så nære og langt frå med same opplevingskvalitetar som dei Rydøla kan vise til.

I fjordlandskapet og i dalføra i indre Sogn er det nettopp fossane og elvane som gjev landskapet høg kvalitet og store opplevingsverdiar.

Biologisk mangfald

Grunna dei rike førekomstane av fylitt i berggrunnen ved Rydøla har området særst rike naturtyper, skog og myr, som gjev landskapet her fleire kvalitetar som er verdt å ta vare på.

Vi viser til høyringsfråsegna til Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane for utdjuping av tema og argument. Vi støttar fråsegna til NVF fullt ut!

Sumverknadar og samfunnsnytte

Det er frå før fleire store kraftutbyggingar i Luster kommune, dei beste er allereie bygd ut. Naturen, landskapet og vassdragsnaturen er allereie sterkt påverka i mange dalføre i kommunen. Reduksjon og utbygging av Rydøla vil gje middels til store negative konsekvensar. Tap av naturverdier, friluftslivsverdiar og landskapsverdier for turisme og allmenne interesser vert her større enn ein marginal samfunnsgevinst. For Rydøla vert verditap for allmenne interesser så store, at vi ikkje meiner det kan bøte for mindre inntekter til utbyggarar og kommune.

Konklusjon

Utbygginga vil ha store negative konsekvensar, eller nær det, for både landskap, friluftsliv, turisme og biologisk mangfald. Sjeldan er det i slike saker grunn til å vente så store negative konsekvensar for så store verdiar. Litt meir straum og annan samfunnsnytte av små dimensjonar kan ikkje forsvare inngrepet. Sogn og Fjordane Turlag og Luster Turlag går sterkt i mot å gje konsesjon til Rydøla kraftverk.

Bilete av Ryfossen på neste sida.



Samla vurdering av konsesjonssøkte utbyggingar i Lustrapakken:

Åselvi og Rydøla er dei mest konfliktfylte for våre interesser. Vi rår på det sterkaste i frå å gje konsesjon til desse utbyggingane.

Kveken ligg i eit dalføre som er inngangsporten inn til eit større INON-område med store kvaliteter for friluftsliv. Dette er eit lite tilrettelagt område, men Luster turlag har arrangert fleire topptrimturar i området og ser det som eit attraktivt og aktuelt område for auka aktivitet og betre tilrettelegging for friluftsliv i framtida. Kveken legg beslag på ein svært lang elvestrekning, heile 3 km med store naturverdier, truleg langt større enn det som kjem fram i KU. Samfunnsnyttan av denne utbygginga vil vere liten, med store utgifter knytt til nytt leidningsnett for å få krafta ut. Vi rår difor i frå å gje konsesjon til denne utbygginga!

Mordøla og Kinsedal har mindre konflikter knytt til allmenne interesser, men ein del knytt til biologisk mangfold og naturverdier. Det er viktig å sikre at desse vert ivaretekne på ei god måte ved val av utbyggingsløyising og god minstevassføring ved ei evt utbygging. Vi kan såleis ikkje gå sterkt imot desse utbyggingane, men ser heller ikkje at samfunnsnyttan inkl kostnader ved netttilknytning, fullt ut vil oppvege ny sumverknad av vasskraftutbyggingar i kommunen. (sjå eige fråsegn øvst i denne mailen)

Med venleg helsing

Sogn og Fjordane Turlag

Ron Overdevest, leiar Naturvernutvalet

Luster Turlag

Ingeborg Flaten, leiar



Forum for natur og friluftsliv

Elisabeth Dahle

Koordinator

Sakshandsamar for Rydøla og Åselvi.

